

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sørreisa.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Sørreisa.

Oppskr. av: Johs. Høihilder.

Gard: Sørstraum.

(adresse): Sørreisa.

G.nr. 26. Br.nr. 26.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Svar gitt på grunnlag av min 86. år gamle svigerfar,  
Henrik Eriksens opplysninger :

Brynet har vært brukt i Sørreisa så lenge ljå har vært  
brukt i bygda.

I eldre tid lagde folk sjølv sine bryner av stein dei  
fann i bygda. Seinare kom det bryner frå visse strøk  
av Finnmark, t.d. frå Båtsfjord.

Grovere bryner blei brukt til ljå, mens finare bryner  
("Hein") blei brukt til kniver, øks o.likn. etter at dei  
først var slipt på slipstein.

Før vart det alltid brukt naturstein.

Slipstein har alltid vært brukt. Det er og har vore  
vanleg skikk å slipe gjennom ljåen etter kvar økt.

Ljåen surres fast til orvet og ljåen slipes med egg mot  
en.

Når en kvesser ljåen med brynet, kaller ein det å  
"bryne" - eller "kvæte" ljåen. Ein sett då orvet mot  
marka og støtter ljåen med venstre armen mens ein  
"kvæter" ljåen.

Brynekoppen kalles "Brynestokk" og er lagd  
ved å hole ut ein høvelag stokk, med jarnband øverst.  
I dette bandet er det sett ein krok som ein hekter fast  
i beltet når ein slår. Den henger gjerne på "baken".

Andreblad.

2

Ein har alltid vatn på brynet, helst slik at brynet  
står i vatnet t.eks. i brynestokken.

Harde bryner blei gjerne lagt i varm aske -  
helst i smiavl. De blei da "blautare".  
Det hjalp også å la brynet ligge i vatn.

--- - - - - -

Sørreisa, den 10. april 1947.

*Johs Høihilder*  
Johs. Høihilder.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 451  
BYGDØY